



Likelydande brev til:

- 1 Nordfjord Laks AS
- 2 Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kristine Hetlesæter, 5764 3142

## Vedtak om endra løyve for Nordfjord Laks AS på lokaliteten 12212 Lindeneset i Gloppen kommune

---

**Nordfjord Laks AS får endra løyve til utslepp frå ein produksjon på 1560 tonn MTB matfisk av laks på lokaliteten Lindeneset i Gloppen kommune. Løyvet vert endra frå å vere mellombels til permanent å gjelde for 1560 tonn MTB. Utsleppsløyvet er endra i medhald av forureiningslova § 18.**

**Det er ikkje gjort ei fullstendig oppdatering av løyvet etter § 18 i forureiningslova, men løyvet er oppdatert på nokre punkt. Endringane som er gjort er beskrive i endringsloggen i løyvedokumentet.**

---

Vi viser til søknad datert 10. desember 2020.

### 1 Vedtak

Statsforvaltaren endrar Nordfjord Laks AS sitt løyve til forureinande verksemd. Det oppdaterte løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Endringane i løyvet gjeld frå 10. august 2021. Det endra løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Det endra løyvet omfattar utviding til ein permanent tillaten biomasse på 1560 tonn MTB.

Endringane i løyvet er gjort med heimel i forureiningslova § 18.



Nordfjord Laks AS skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 10 100 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

## 1.1 Fristar

Vilkår nr.	Innhald	Frist
11.2	Rapportere miljødata og ev. avvik frå løyvet	1. mars kvart år
12.4	Strandsonegransking	Årleg, i løpet av sommarhalvåret
12.1 og 12.2	Gransking av organisk belastning og prioriterte stoff	Frekvens etter NS9410:2016

## 2 Kort om bakgrunnen for saka

Nordfjord Laks AS har søkt om utviding av biomassetaket til å permanent gjelde 1560 tonn MTB. Verksemda har sidan 2017 hatt permanent utsleppsløyve til ein produksjon på 780 tonn MTB, med mellombels utviding til 1560 tonn MTB for to utsett av fisk.

Bakgrunnen for at løyvet frå 2017 vart gjeve mellombels var manglande kunnskapsgrunnlag om resipienten si bereevne for ein produksjon av denne størrelsen. Resultat frå botnundersøking og straummålingar tilsa at det var ein viss fare for akkumulering av organisk materiale og negative effektar på resipienten. Miljøundersøking etter MOM-C-metodikk var ikkje gjennomført ved lokaliteten. Den mellombelse utvidinga av løyvet gjekk ut i desember 2020.

Med auka kapasitet ønskjer verksemda å oppnå lengre brakklegging for kvar lokalitet, noko som dei meiner er gunstig for miljøet på fjordbotnen. Verksemda meiner at dette også inneber større fleksibilitet, produksjonsmessige fordelar og redusert smittefare ved at det blir mindre behov for å flytte fisk frå ein lokalitet til ein annan.

### 2.1 Korrespondanse

Søknaden er datert 10.12.2020, og vart oversendt frå Vestland fylkeskommune til kommunen og sektormyndighetene same dag. Rapport frå miljøgransking (MOM-C) vart ettersendt 22.04.2021.

### 2.2 Rettsleg utgangspunkt

#### 2.2.1 Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova .



### 2.2.2 Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

### 2.2.3 Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

### 2.2.4 Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista skal reduserast vesentleg og på sikt stansast (sjå vedlegg 1 i løyvet).

### 2.2.5 Konflikhtar med naturmangfald og friluftsliv

Statsforvaltaren er statleg fagmyndigheit for naturvern-, friluftsliv-, vilt- og laksefiskeinteresser på regionalt nivå. Vi skal i akvakultursaker gi ei fråsegn til Vestland fylkeskommune om konflikhtar som etableringar eller endringar av akvakulturanlegg kan få for desse interessene. Statsforvaltaren si fråsegn til fylkeskommunen er ikkje eit vedtak, men skal gi miljøfagleg saksopplysing innafor våre ansvarsområde til fylkeskommunen si handtering av saka etter akvakulturlova.

## 3 Statsforvaltaren si vurdering

### 3.1 Grunngeving for vedtaket

#### 3.1.1 Fordelar og ulemper

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdiar for Noreg. Produksjonen har utslepp av fôrrestar, ekskrement frå fisken, kopar frå impregnerte nøter og andre kjemikal og framandstoff (inkludert legemiddel) som påverkar det marine miljøet. Støy og lys kan vere til sjenanse for naboar og naturmangfald.

#### 3.1.2 Prinsippa i naturmangfaldlova og krava i vassforskrifta

Vi vurderer at eit matfiskanlegg med permanent MTB på 1560 tonn vil gi ein liten risiko for at miljøet kan bli utsett for uakseptabel negativ påverknad. Statsforvaltaren vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Hyefjorden er frå før lite påverka av andre kjende utsleppskjelder. Den samla belastninga på resipienten vil auke noko ved permanent auke til ein produksjon på 1560 tonn MTB



(naturmangfaldlova § 10). Det er likevel ikkje noko som tyder på at utsleppa frå produksjonen vil endre heile vassførekomsten sin miljøtilstand, eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje kan nåast.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Nordfjord Laks AS pliktar å ta i bruk miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag.

### 3.1.3 Vurdering

#### *Forureining*

Dagens miljøtilstand i vassførekomsten Hyefjorden er akseptabel (sjå faktagrunnlag i punkt 4.3.1). Straumen som er målt på lokaliteten er moderat, men kan etter vår vurdering gi tilstrekkeleg spreiding av dei omsøkte utsleppa. Resultata frå miljøgranskinga viser at størsteparten av anleggsområdet er dominert av finkorna sediment, med innslag av grovare sediment lengst sør.

Miljøgranskinga viser samla sett svært god tilstand for botnfaunaen ved lokaliteten, og viser ikkje auka nivå av miljøgifter. Innhaldet av organisk karbon i sedimentet er høgt, noko som tyder på risiko for lokal opphoping av organiske utslepp frå anlegget. I vurderinga vår frå 2017 var det uttrykt eit behov for betre kunnskapsgrunnlag for vurdering av berekrafta til verksemda for å eventuelt kunne gi løyve til ei permanent utviding. I nyaste undersøking hamna stasjon C2 i tilstandsklasse I, svært god tilstand, noko som tyder på at den organiske belastninga lokalt ikkje har nemnande påverknad på tilstanden utover i vassførekomsten. Produksjonen det er søkt om er moderat, og dei organiske utsleppa vil ha reversible miljøverknader. Den totale bereevna til vassførekomsten for nye utslepp er ikkje kjend, men vi vurderer at dagens tilstand er tilfredsstillande, og at det er rom for påverknaden frå den produksjonsmengda det er søkt om.

#### *Naturmangfald*

Det har vore høgt smittepress frå lakselus i Nordfjord over tid. Det høge smittepresset frå lakselus påverkar dei ville laksestammene i Nordfjord negativt. Utvandrande laksesmolt og sjøaure blir smitta av lakselus frå oppdrettsanlegg, og ei auke i smittetrykket er ikkje ønskeleg. Vi vurderer at løyveendringa frå mellombels til permanent MTB på 1560 tonn ikkje har vesentleg påverknad på smittetrykket for lakselus i heile fjordsystemet. Det er likevel viktig at verksemda framleis prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdommen av artar i naturen. Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

Det er ikkje gjort kartleggingar av sårbart marint naturmangfald i området. Nordfjord Laks AS må vise generell aktsemd, og melde frå dersom det blir funne korallar eller anna sårbart naturmangfald i nærområda til anlegget.



### 3.1.4 Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at ei permanent utviding til 1560 tonn MTB er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved utsleppa frå produksjonen samanstillt med fordelar og ulemper verksemda elles vil medføre, gjev vi løyve til produksjonsauken på nærare fastsette vilkår.

## 3.2 Grunngeving for utvalde vilkår

### *Risikovurdering av utslepp av kjemikal (vilkår 2.5 og 7 i løyvet)*

Alle utslepp av kjemikal og miljøgifter skal risikovurderast jf. vilkår 2.5 om internkontroll og vilkår 7 om kjemikal. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av kjemikala knytt til avlusing og nôtimpregnering verkar på miljøet over tid. Difor må risikovurderinga avdekke om kjemikala kan ha skadelege effektar på helse og miljø.

### *Lys og støy (vilkår 5 og 8 i løyvet)*

Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i vilkår 8.1 i utsleppsløyvet. Verksemda må også innrette lys slik at det blir til minst mogleg plage for omgivnadene, jf. vilkår 5.

I førre løyve var støygrensene innskjerpa samanlikna med standard grenseverdiar. Anlegget ligg med relativt stor avstand til busetnad, og vi vurderer at det er ikkje behov for innskjerpa støygrenser. Vi har difor erstatta heile vilkår 8.1 i løyvet med dagens standardvilkår, inkludert grenseverdiar for støy.

Utslepp av støy og sjenerande lys frå oppdrettsanlegg er ofte kjelde til klager til Statsforvaltaren. Ut frå forureiningslova § 2 punkt 3 skal verksemda nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp.

### *Overvaking av miljøtilstanden i resipienten (vilkår 13 i løyvet)*

Løyve til utslepp frå akvakulturproduksjon vert gitt med føresetnad om at naturen kan omsette dei utsleppa som anlegget har etter kvart, utan at miljøet vert overbelasta. For at verksemda skal kunne dokumentere at drifta er i tråd med denne føresetnaden, må verksemda overvake effekten som utsleppa har på miljøet. Løyvet har vilkår om risikobasert overvaking av miljøtilstanden og verknader på omkringliggjande naturmangfald i vassøyla, i strandsona og på sjøbotnen.

### *Overvaking av koparforureining og andre miljøgifter (vilkår 13.2 i løyvet)*

For å unngå miljøskade har vi i vilkår 13.2 sett krav om overvaking av effektar av utsleppa til sjø som anlegget har, slik at tiltak kan setjast inn i tide før nivåa av miljøgifter vert for høge.

Det er behov for meir informasjon om nivå av kopar enn det som ei ordinær C-gransking gir. Difor er det i løyvet sett krav om prøvetaking i fleire punkt ved indikasjon eller fare for koparnivå i sedimentet i anleggsområdet over grenseverdiar for akseptabel miljøtilstand. Det skal då takast



prøver for kopar ved minimum 5 punkt i sedimentet under merdkanten rundt anlegget. Dette vil gi grunnlag for å vurdere om det er behov for utvida prøvetaking eller tiltak.

#### *Utslepp av plast (vilkår 2.5 og 10.1 i løyvet)*

Vi kjenner per i dag ikkje det nøyaktige omfanget av utslepp av plast frå eit oppdrettsanlegg, men ser det som ein miljørisiko. Difor set vi i vilkår 2.5 krav om at all aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til fare for forureining og avfall, inkludert utslepp av mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal verksemda utarbeide rutinar som skal redusere dette, jf. vilkår 10.1 i utsleppsløyvet. Verksemda må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast.

## **4 Faktagrunnlag**

### **4.1 Generelt om utslepp frå akvakultur**

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle forureiningsfare.

#### *Organiske utslepp*

Produksjonen vil ha utslepp av spillfôr og fekaliar og andre avfallsstoff frå fisken sin metabolisme. Dette gir utslepp av oppløyste næringssalt og organiske partiklar. Næringssalta har gjødslande effekt på marine algar, medan partiklane sedimenterer og vert brotne ned av botnfauna. Utsleppa kan endre artsdiversiteten og mengda individ hjå den marine floraen og faunaen både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

#### *Kjemikal og miljøgifter*

Produksjonen vil ha utslepp av legemiddel, vaske- og desinfeksjonsmiddel og nôtimpregneringsmiddel. Framandstoff i fôret som vert brukt, sjølv om nivåa er låge, kan også gi eit visst utslepp av enkelte prioriterte miljøgifter.

Forbruket av legemiddel til avlusing har endra seg over tid, både når det gjeld typar og mengder. Enkelte av desse kjemikala kan ha direkte negativ effekt på krepsdyr og andre marine organismar rundt akvakulturanlegg. Nokre av kjemikala er vanskelege å bryte ned, slik at dei kan finnast att i miljøet i lang tid etter bruk, og/eller kan ha særskilde effekt også på naturmangfaldet rundt anlegget. Kjemikala kan ha miljøverknad både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

Anlegg som nyttar koparimpregnerte nøter har utslepp av kopar, som ikkje blir brote ned i sedimentet. Koparen blir verande i lang tid, også etter at anlegget er lagt ned. Koparnivåa kan bli svært høge i anleggsområdet, og i nokre tilfelle har vi også sett at koparnivåa over tid kan komme i



konflikt med miljømåla i vassforskrifta for større område.

### *Plast og marin forsopling*

Store delar av eit oppdrettsanlegg er vanlegvis laga av plast, og slitasje vil medføre utslepp av plast til det marine miljøet. Mikroplast vil kunne finne vegen inn i næringskjeda. Større plastavfall vil kunne forsople strandsona eller på botnen, eller forvekslast med mat av sjøfugl, fisk og marine dyr.

### *Avfall og biprodukt*

Død fisk og anna organisk avfall er ein ressurs som kan utnyttast. Død fisk blir konservert ved ensilering og vanlegvis nytta i andre sin produksjon av protein eller biogass. Rett handtering og lagring av ensilasje skal ikkje gi utslepp til miljøet. Død fisk som ikkje blir tatt opp av merda vil gå i oppløysing og bidra til påverknad på botnen under anlegget og i resipienten elles.

Akvakulturproduksjon genererer vanlegvis små mengder farleg avfall, med låg risiko for utslepp. Rett handtering og lagring av avfall skal ikkje gi utslepp til miljøet.

### *Støy*

Støyande aktivitetar ved eit akvakulturanlegg er mellom anna fôring, bruk av aggregat, internttransport på anlegget, notspyling, fôrleveransar og brønnbåtaktivitet. Miljødirektoratet har gjort ei kartlegging av støy frå akvakulturanlegg<sup>1</sup>. Denne viser at dagleg drift vanlegvis ikkje bryt med standard industristøygrensar når ein kjem om lag 500 meter frå anlegget. Enkelte aktivitetar på kveld og natt kan kome i konflikt med støygrensene ved denne avstanden

## **4.2 Tilhøvet til plan**

Anlegget ligg dels i areal avsett til akvakultur i arealdelen av Gloppen kommune sin kommuneplan, dels i areal for ferdsle, fiske, natur og friluftsliv (FFNF). Verksemda søkte i 2017 om dispensasjon frå kommuneplanen for den delen av anlegget som ligg utanfor AK-området, og fekk søknaden innvilga.

## **4.3 Resipient og miljøtilstand**

I tillegg til miljødokumentasjon vedlagt i søknaden<sup>2 3 4</sup> nyttar Statsforvaltaren også andre kunnskapskjelder for å opplyse saka. Dette kan vere data som ligg i offentlege databasar, kunnskap frå miljøavdelinga sine andre ressursar, data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming<sup>5</sup> og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemder.

---

<sup>1</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1482/m1482.pdf>

<sup>2</sup> Sub Aqua Tech AS. *MOM-B-undersøking ved Lindeneset 10.06.2020*. Rapport nr. MOM-BU0455

<sup>3</sup> Sub Aqua Tech AS. *Straummåling ved Lindeneset apr-mai 2017*. Rapport nr. STRAUM0120

<sup>4</sup> Rådgivende Biologer AS. *Oppdrettslokalitet Lindeneset i Gloppen kommune, desember 2020. Miljøovervaking av overgangssona – C-gransking*. Rapport nr. 3380

<sup>5</sup> Sub Aqua Tech AS. *Straummåling ved Lindeneset*. Rapport nr. STRAUM0113



#### 4.3.1 Sjøområdet som resipient

##### *Naturgjevne tilhøve*

Lokaliteten Lindeneset ligg i Hyefjorden, ein sidearm til Nordfjorden i Gloppen kommune. Hyefjorden er utan terskel ved innløpet frå Nordfjorden. Under den sørlege delen av anlegget er botnen forholdsvis bratt og kupert, og dominert av fjell og stein. Frå senter av anlegget og nordover flatar botnen ut og det er finkorna sand og leire som er dominerande sedimenttype.

##### *Klassifisering i Vann-Nett*

Lokaliteten ligg i Hyefjorden, som er registrert som ein eigen vassførekomst (ID 0282011700-C). Den økologiske tilstanden i førekomsten er klassifisert som god. Kjemisk tilstand er ikkje vurdert. Kjende utsleppskjelder til vassførekomsten er diffus forureining frå spreidd busetnad og fiskeoppdrett, samt punktutslepp frå eit landbasert akvakulturanlegg, eit skipsverft og eit kommunalt avløpsanlegg.

I Hyefjorden ligg det éin annan lokalitet for oppdrett av matfisk, Kleppeneset, som også tilhøyrer Nordfjord Laks. Det er ca. 1,7 km mellom anlegga. Oppdrettsanlegga er i Vann-Nett vurdert til å ha liten grad av påverknad på tilhøva i vassførekomsten.

Det som finst av informasjon om påverknader og overvakingsdata for den generelle miljøtilstanden i fjorden, tyder samla sett på at det ikkje er risiko for å bryte med miljømålet i vassforskrifta om å oppretthalde miljøtilstanden framover.

##### *Straumtilhøve*

Straummålingar utført i perioden november 2016 til januar 2017 viser gjennomsnittleg straumhastigheit ved 5 og 15 meter på høvesvis 8,9 og 5,1 cm/s. Dominerande straumretning veksla her mellom nord og sør. Målingar av spreingsstraum og botnstraum viste markant lågare gjennomsnittleg straumhastigheit, med 2,9 cm/s ved 60 meters djupne, og 2,6 cm/s ved 140 meter. Ved desse djupnene var dominerande straumretning mot nord-nordøst og sør-sørvest, med netto vasstransport i nordleg retning.

##### *Oksygentilhøve*

Oksygen er målt ved stasjon C3, ved 185 meters djupne. Det er målt eit oksygeninnhald på 5,8 ml/l i overflatevatnet, og 3,9 ml/l ved botnen. Oksygentilhøva i vatnet vert klassifisert til god tilstand (tilstandsklasse II).

##### *Botnfauna*

Ved stasjon C1, nærast anlegget vart det registrert eit lågt antal artar. Stasjonen var i hovudsak dominert av tre forureiningstolerante og -indikerande artar. Botnfaunaundersøkinga viste eit normalt arts- og individtal ved både C2 og C3. Begge desse stasjonane vart vurdert å ha svært god





tilstand (tilstandsklasse I). Éin forureiningstolerant art var den mest talrike ved begge stasjonar, men det var også innslag av både forureiningssensitive og meir tolerante artar.

Ifølgje resultatata frå MOM-B-granskinga viser botnen under den nordlege delen av anlegget teikn til negativ påverknad frå organiske utslepp. Tre av dei nordlegaste stasjonane hadde svært dårleg tilstand, med slam som tidvis bobla da botnprøven blei tatt opp, og tilnærma fråvær av dyreliv. Resterande stasjonar hadde god til svært god tilstand.

#### *Kjemisk tilstand i sedimentet*

Sedimenta rundt lokaliteten inneheld låge nivå av sink og kopar (tilstandsklasse II). Glødetapet varierer mellom 10,0 – 10,5%. Det er målt eit høgt innhald av organisk karbon ved alle tre stasjonar, tilsvarande dårleg tilstand (tilstandsklasse IV).

### **4.3.2 Andre verdiar for natur og friluftsliv i området**

#### *Vill anadrom fisk*

Lokaliteten Lindeneset ligg i produksjonsområde 4 – Nordhordland til Stad, som i trafikklssystemet for vidare vekst i akvakulturproduksjonen har raud farge. Det inneber at produksjonskapasiteten av laksefisk skal reduserast i dette området av omsyn til vill anadrom fisk. Havforskningsinstituttet publiserte i 2020 ein rapport som mellom anna vurderte korleis lakselus smittar mellom oppdrettsanlegg i Nordfjorden. Ut ifrå denne rapporten ser oppdrettsanlegga i Hyefjorden ut til å ha liten påverknad på smittepresset utover i fjordsystemet i Nordfjord <sup>6</sup>.

Lindeneset ligg ca. 12,2 km frå indre delen av Nordfjorden mot Stryn, og ca. 26,5 km frå Eidsfjorden. Begge er nasjonale laksefjordar med lakseførande vassdrag. Det er tre nasjonale laksevasdrag i fjordsystemet; Eidselva, Oldenelva og Stryneelva.

---

<sup>6</sup> Huserbråten, M., Ådlandsvik, B., Bergh, Ø. og Johnsen, I. A.. *Lokalitetsstruktur i produksjonsområde 4 – Med fokus på forholdene i Norfjord – Frøysjøen*. Rapport fra havforskningen 2020-48 (17.12.2020).



## 5 Klagerett

Nordfjord Laks AS og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunningjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Kristine Hetlesæter  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Mottakerliste:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
NORDFJORD LAKS AS	Rygg skule, Heggjedalen 8	6823	SANDANE

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE



## Løyve etter ureiningslova til akvakulturanlegg for matfiskproduksjon på lok. Lindeneset – Nordfjord Laks AS

Løyvet er gitt i medhald av *lov om vern mot forurensningar og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova), § 11 jf. § 16, og endra med heimel i § 18, første ledd nr. 5.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad frå Nordfjord Laks AS dagsett 10.12.2020, og opplysningar framkomne under behandlinga av søknaden. Vilkåra for løyvet står på side 4-18.

### Verksemddata

Akvakulturlokalitet <sup>1</sup>	<b>12212 Lindeneset</b>
Produksjonskapasitet	<b>1560 tonn MTB matfisk av laksefisk</b>
Kommune og fylke	Gloppen i Vestland
Verksemd	Nordfjord Laks AS
Postadresse	Rygg skule, Heggjedalen 8, 6823 Sandane
Org. nummer	921 398 336 (føretaksnr.)
NACE-kode	03.211 Produksjon av matfisk og skalldyr i hav- og kystbasert fiskeoppdrett

### Statsforvaltaren sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer	Bransje	
2019/8250	4650.0030.03	2017.1069.T	Akvakultur	
Kartreferanse (ETRS89, UTM sone 32 N)	Kartblad (M711, N50, 32V)	Vassdragsnr. (REGINE)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
340820 6855880	1218-1	086.9	0282011700-C Hyefjorden	Nordfjord

Løyve er gjeve: 19.12.2017	Siste revisjon etter § 18 i ureiningslova: -	Dato for siste endring: 10.08.2021
Sissel Storebø seksjonsleiar	Kristine Hetlesæter rådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopiadressatar: Sjå liste i oversendingsbrevet.

<sup>1</sup> Jf. akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

## Endringslogg

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Kommentar
1	10.08.2021	Generelt	Layoutmessig oppdatering frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Statsforvaltaren i Vestland
		Framsida	Endra produksjonskapasitet til 1560 tonn MTB. Oppdatert data om verksemda, samt arkivkode og anleggsnummer.
		1. Ramma for løyvet	Endra biomassetaket: Permanent løyve til 1560 tonn MTB
		2.5. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø	Tatt ut krav om ansvarleg representant for krava i løyvet og innsending av ansvarsskjema for ytre miljø.
		8.1 Støy	Oppdatert vilkårsteksten til dagens standardvilkår. Justert støygrensene til standard grenseverdiar.
		Vedlegg 1	Oppdatert liste over prioriterte miljøgifter

## Innhold

Endringslogg .....	2
Føresetnader .....	4
1. Ramma for løyvet .....	4
2. Generelle vilkår .....	4
2.1. Avgrensing av utslepp .....	4
2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som råd .....	5
2.3. Plikt til førebyggjande vedlikehald .....	5
2.4. Plikt til tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold .....	5
2.5. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø .....	5
2.6. Nærmiljø .....	6
3. Utslepp til vatn .....	7
3.1. Utsleppsmengder .....	7
3.2. Utsleppsreducerande tiltak .....	7
3.2.1. Fôring .....	7
3.2.2. Dødfiskopptak .....	7
4. Lukt .....	7
5. Lys .....	8
6. Ureina grunn og sediment .....	8
7. Kjemikal .....	8
8. Støy .....	9
8.1. Utsleppsgrenser .....	9
8.2. Dokumentasjon på støynivå .....	9
9. Energi .....	9
10. Avfall .....	10
10.1. Generelle krav .....	10
10.2. Farleg avfall .....	10
10.2. Organisk produksjonsavfall .....	10
10.3. Medisin og kjemikalrestar .....	11
11. Beredskap .....	11
12. Miljøinformasjon og journalføring .....	11
12.1. Kunnskap .....	11
12.2. Journalføring .....	11
12.3. Informasjon .....	11
13. Miljøtilstand og -overvaking .....	12
13.1. Krav til miljøtilstand .....	12
13.2. Krav til overvaking .....	12
13.3. Rapportering til Statsforvaltaren .....	13
14. Større endringar .....	13
14.1. Endringar og utskifting av utstyr .....	13
14.2. Eigarskifte .....	14
14.3. Nedlegging eller lengre driftsstans .....	14
15. Tilsyn .....	14
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte stoff, jf. punkt 2.1 .....	15
VEDLEGG 2 - Definisjonar .....	17

## Føresetnader

Dette løyvet erstattar tidlegare løyve etter forureiningslova på lokaliteten.

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter ureiningslova tillet, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter ureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra til løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre. Nokre viktige omgrep er nærare forklart i vedlegg.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Statsforvaltaren på førehand.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Statsforvaltaren ei utgreiing slik at vi kan vurdere eventuelle endringar eller attendetrekking, jf. ureiningslova § 20.

## 1. Ramma for løyvet

Løyvet gjeld forureining frå merdbasert akvakulturproduksjon av matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjø på lokaliteten Lindeneset i Gloppen kommune. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase knytt til denne produksjonen.

Løyvet gjeld permanent for ein maksimal tillaten biomasse (MTB) av matfisk og stamfisk på inntil 1560 tonn på lokaliteten. Ved eventuell samlokalisering av fleire løyve/aktørar på lokaliteten er den totale lokalitetsbiomassen avgrensa til 1560 tonn MTB, uavhengig av innbyrdes fordeling av produksjonen på fleire ansvarlege.

Ved vesentlege endringar i drift eller utsleppstilhøve skal verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om produksjonen ligg innanfor fastsett produksjonsgrense.

## 2. Generelle vilkår

### 2.1. Avgrensing av utslepp

Utsleppskomponentar frå verksemda som er vurdert å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalt eller regulert i vilkåra i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller på annan måte må ha vore kjend når dette løyvet vart vedteke. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike

komponentar er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

## **2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som råd**

All ureining frå verksemda, herunder utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Verksemda må arbeide kontinuerleg for å hindre at ureining oppstår eller aukar, for å avgrense ureining og for ei best mogeleg avfallshandtering. Jamvel om utsleppa vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået i høve til det som er lagt til grunn for løyvet, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

## **2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald**

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr. System og rutinar for vedlikehald av utstyr som ved svikt kan gje negativ effekt på miljøet, skal vere dokumentert.

## **2.4. Plikt til tiltak ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold**

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka ureining, skjemmaende aktivitetar eller liknande miljøulempar, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka ureiningsfaren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal straks informere<sup>2</sup> Statsforvaltaren

- når det oppstår unormale driftsforhold som kan gje synleg/merkbar ureining i strandsona eller elles i anlegget sitt nærområde,
- når det er aktivitet som mellombels kan føre til at utslepp til omgjevnadane av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt,
- i situasjonar der utstyr, maskinar eller anna kritiske installasjonar for vern mot utslepp sviktar,
- når avfall vert lagra over lenger tid eller på annan måte enn normalt.

Verksemda skal ha eit dokumentert system for registrering og oppfølging av uønskte hendingar. Plikta gjeld både for interne meldingar og melding/klage frå andre. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hending, og omtale tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentaking.

---

<sup>2</sup> Merk at verksemda også har varslingsplikt etter *forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning* av 09.07.1992, nr. 1269

## 2.5. Internkontroll og HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemnda bør som del av sin internkontroll halde seg oppdatert på kva som til ei kvar tid er beste tilgjengelege teknologi for bransjen<sup>3</sup>.

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse<sup>4</sup> av aktiviteten sin. Analysen skal omtale alle forhold ved anlegget og drifta (både på lokaliteten og eventuell landbase) som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem på verksemda sitt areal eller utanfor. Ved endringar skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Med grunnlag i analysen skal verksemnda vurdere risiko, fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet, og iverksette nødvendige risikoreduserande tiltak. Statsforvaltaren kan overprøve verksemda sine vurderingar og konklusjonar.

Verksemnda sin internkontroll<sup>5</sup> for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risiko-vurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregelverket. Internkontrollen skal vere dokumentert og etterprøvbar i samsvar med dokumentasjonskrava i gjeldande forskrift. Oppdatert dokumentasjon skal bidra til å sikre at verksemda til ei kvar tid stetter krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrolllova<sup>6</sup> og dei relevante forskriftene til desse lovene.

Verksemnda skal ha oversikt over dei miljøressursane (sjå vedlegg 2) som kan bli truga av ureining frå sin aktivitet, og dei helse- og miljøkonsekvensane slik ureining kan føre med seg.

## 2.6. Nærmiljø

Verksemnda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta (utslepp til vatn og luft, lukt, støy, støv, skadedyr, framande artar (sjå vedlegg 2), m.m.) vert redusert til eit minimum. Som nærmiljøet til verksemnda reknast folk, tamme og ville dyr, fuglar, planter og anna liv på land og i vatn, samt spesielle natur- og landskapselement som måtte finnast nær ved anlegget eller ein eventuell landbase.

Alt av innsatsstoff, kjemikal, drivstoff, medisin, avfall, m.m. som kan utgjere ein ureiningsfare ved anlegget eller landbasen, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Sikringa kan m.a. vere tilstrekkeleg inngjerding/ innebygging, container eller tett lagertank.

---

<sup>3</sup> Omgrepet beste tilgjengelege teknologi/ BAT ("best available techniques") og krav til slik teknologi er i utgangspunktet knytt til EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED-direktivet, *directive 2010/75/EU on industrial emissions (integrated pollution prevention and control)*), som akvakultur per i dag ikkje er omfatta av. Ureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på ureiningsområdet som vil gjelde alle verksemder: "For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater." BAT-dokumentasjon for akvakultur ligg føre frå Nordisk Ministerråd i rapporten TemaNord 2013:529, *Bat for fiskeopdræt i Norden*, [www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529](http://www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529)

<sup>4</sup> Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

<sup>5</sup> Jf. *forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996, nr. 1127

<sup>6</sup> *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79



Alle lagertankar for flytande stoff som kan utgjere ein ureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal sikrast mot overfylling og lekkasje. Dersom tankvolumet har større kapasitet enn 1 000 liter skal sikringa minst ha oppsamlingsvolum tilsvarande kapasiteten på tanken pluss 10%.

For lagring av farlege kjemikal eller farleg avfall i tank som ikkje er grave ned, gjeld elles krava i kapittel 18 i ureiningsforskrifta.

### 3. Utslepp til vatn

Drifta skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunn eller vatn som kan medføre nemneverdig skade eller ulempe for miljøet ut over det som er nødvendig og tillate i dette løyvet.

#### 3.1. Utsleppsmengder

Utsleppa skal reduserast i så stor grad som teknisk og økonomisk mogleg.

Det er ikkje sett direkte utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av organisk stoff, næringsstoff, kjemikal og legemidlar m.m. frå produksjonen. Utsleppa er indirekte avgrensa gjennom ei produksjonsramme (pkt. 1), krav til drifta (pkt. 2 og 3.2) og krav til miljøtilstanden i resipienten (pkt. 13.1).

Nøter som er impregnerte med miljøskadelege kjemikal (inkludert kopar), kan ikkje vaskast og reimpregnerast på oppdrettslokaliteten<sup>7</sup>. Nøter som ikkje inneheld miljøskadelege kjemikal kan vaskast og impregnerast på staden. Utslepp frå grovreingjering av nøter i form av spyling kan tillatast så lenge verksemda kan dokumentere med prøvetaking at det ikkje skjer oppkonsentrasjon av kjemikal (spesielt kopar og sink) under anlegget som gir ulempe eller skade på miljøet (sjå pkt. 13).

For utslepp av ev. oljehaldig avløpsvatn til sjø skal oljeinnhaldet vere under 50 mg/l.

#### 3.2. Utsleppsreducerande tiltak

##### 3.2.1. Fôring

Tap og spill av fôr skal reduserast mest mogleg. Fisken skal ikkje overfôrast eller fôrast på ein slik måte at det kan gje skade eller ulempe for det ytre miljø.

Verksemda skal ha skriftlege rutinar som sikrar ei utfôring i den daglege drifta som minimerer utslepp til miljøet. Ved høgt samla fôrforbruk for ein produksjonssyklus, skal årsaker kartleggjast og nødvendige tiltak setjast i verk for å redusere fôrforbruket på neste utsett.

---

<sup>7</sup> Jf. kap. 25 i ureiningsforskrifta om ureining frå vask og impregnering av oppdrettsnøter: *Forskrift om begrensning av forurensning* (forurensningsforskriften) - FOR-2004-06-01-931.

### 3.2.2. Dødfiskopptak

Død fisk skal i størst mogleg grad fjernast frå merdane før den går i oppløysing. Død fisk bør om mogleg takast opp av sjøen minst kvar dag i sommarhalvåret og annankvar dag i vinterhalvåret. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal opptaksfrekvensen aukast tilsvarande.

## 4. Lukt

Luktutslepp frå produksjons- og lagerområde m.m. som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar eller andre.

## 5. Lys

Lys som vert nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synleg ved busetnad, fritidshus o.l.

Ved aktivitet ved anlegget på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

## 6. Ureina grunn og sediment

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til grunnen som kan medføre nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemnda pliktar å ha oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på verksemnda sitt område, og eventuell ureina sediment i sjøområda utanfor. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreining, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom undersøkingar eller andre tiltak er nødvendig, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Utfylling, graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke ureina grunn eller ureina sediment, treng eige løyve etter ureiningslova frå Statsforvaltaren, eventuelt godkjenning frå kommunen<sup>8</sup>.

## 7. Kjemikal

Ved bruk av legemiddel og andre miljøskadelege kjemikal skal verksemnda vise særleg aktsemd, slik at utslepp til og eventuell skade på det omkringliggjande miljøet vert minst mogleg.

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for ureining, skal verksemnda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også regelverket om internkontroll.

Verksemnda pliktar å ha eit system som dokumenterer at det blir gjort løpande vurderingar av om helse- og miljøskadelege kjemikal kan skiftast ut med mindre skadelege kjemikal

---

<sup>8</sup> Jf. ureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydning i ureina grunn ved bygge- og gravearbeider og ureiningsforskrifta kapittel 21.

(substitusjon)<sup>9</sup>. Det skal finnast ei oppdatert vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikala som vert nytta, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, omsetjast eller brukast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket<sup>10</sup>, biocidregelverket<sup>11</sup> og anna regelverk som gjeld for kjemikal.

## 8. Støy

Anlegget og eventuell landbase skal utformast og drivast slik at det ikkje medfører nemnande støyulempe for omgivnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid, dvs. måndag til fredag kl. 7-16. Planlagt støyande aktivitet utanom dette skal varslast til Statsforvaltaren og nabolag, jf. pkt. 2.4.

### 8.1. Utsleppsgrenser

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtryknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl. 19-23) $L_{pAekv4h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{AFmax}$
Kvardagar: 55 dB Laurdagar, sundagar og heilagdagar: 50 dB	50 dB	45 dB	60 dB

$L_{pAekvT}$ : gjennomsnittleg (energimidla) nivå for varierende støy over ein gitt tidsperiode,  $T$

$L_{AFmax}$ : gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som vert etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

Aktivitetar som er ekstra støyande og som vil gå for seg utanfor ordinær arbeidstid kl. 07-19, skal førehandsvarslas til naboar.

<sup>9</sup> Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1976 nr. 79, § 3a om substitusjonsplikt.

<sup>10</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH) av 30.05.2008 nr.516.

<sup>11</sup> Forskrift om godkjenning av biocider og biocidprodukter (biocidforskrifta) av 18.12.2003 nr. 1848.

## 8.2. Dokumentasjon på støynivå

Det er ikkje venta at verksemda vil sleppe ut støy over tillatne grenseverdier. Verksemda pliktar å dokumentere støynivåa dersom det vert gitt nærare krav frå Statsforvaltaren.

## 9. Energi

Verksemda skal arbeide for ei mest mogleg energieffektiv drift. Verksemda bør i størst mogleg grad nytte eventuell overskotsenergi internt. Statsforvaltaren kan seinare sette nærare krav til system for energileiing og spesifikt energiforbruk.

## 10. Avfall

### 10.1. Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg, med best tilgjengeleg teknologi og utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall<sup>12</sup> som følgje av drifta. Innhaldet av skadelege stoff i avfallet skal avgrensast mest mogleg.

All handtering av avfall skal skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av ureiningslova, slik som avfallsforskrifta<sup>13</sup>.

Avfall som oppstår i verksemda skal søkast gjenbrukt i eigen eller andre verksemder sin produksjon. Avfall som ikkje kan gjenbrukast, skal førebuast for materialgjenvinning. Brennbart avfall som ikkje praktisk kan førebuast for gjenvinning skal søkast levert til energiproduksjon. Brenning av avfall på verksemda sitt område er ikkje tillate.

Avfall som oppstår i verksemda skal handterast og lagrast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining, eller kjem på avveie som følgje av vind, bølger eller anna. Verksemda skal t.d. ha rutinar som sikrar at plast og mikroplast ikkje hamnar i sjøen.

Avfall som ikkje vert gjenbrukt eller gjenvunne internt, skal leverast vidare til godkjent mottak<sup>14</sup>. Det er ikkje tillate å grave ned avfall eller dumpe avfall i sjøen.

### 10.2. Farleg avfall

Levering av farleg avfall skal skje minst årleg (når det oppstår 1 kg eller meir farleg avfall) og skal deklarerast gjennom [www.avfallsdeklarering.no](http://www.avfallsdeklarering.no).

Sikringstiltak for lagring av farleg avfall skal baserast på ei risikovurdering. Som eit minimum skal lagring av farleg avfall skje under tak, og lageret skal vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande. Lagertankar for flytande avfall er omtalt i pkt 2.6. Anna lagring av farleg avfall skal skje på fast

---

<sup>12</sup> Jf. *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13.03.1981 nr. 6 (ureiningslova), § 27 om definisjon av avfall.

<sup>13</sup> *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) av 01.06.2004 nr. 930.

<sup>14</sup> Jf. *lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13.03.1981 nr. 6 (ureiningslova), § 32 om næringsavfall.

dekke med fall mot tett oppsamling. Lagra farleg avfall skal vere varig merkt med avfallstype. Ulike fraksjonar av farleg avfall skal ikkje blandast saman, og farleg avfall skal ikkje blandast med anna avfall.

## 10.2. Organisk produksjonsavfall

Død fisk og anna organisk produksjonsavfall som fôrrestar, slam, feitt, groe m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere større mengder produksjonsavfall som følgje av uhell som t.d. anleggshavari, sjukdom eller anna.

Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppsamla organisk avfall som ikkje inneheld antibiotika eller andre legemiddel, skal så langt mogleg utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetningsmiddel, og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk<sup>15</sup> på dette området.

Eventuell død fisk og anna avfall eller slam som inneheld antibiotika eller andre legemiddel skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

## 10.3. Medisin og kjemikalrestar

Unytta restar av medisinfôr, legemiddel, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje, må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar.

## 11. Beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sett i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling eller skjemmande forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minst ein gang pr. år.

## 12. Miljøinformasjon og journalføring

### 12.1. Kunnskap

Verksemda skal ha oppdatert kunnskap om miljøpåverknaden frå eigen aktivitet og oversikt over annan relevant miljøinformasjon, herunder viktige eller verdfulle miljøressursar (sjå vedlegg 2) i nærleiken, som drifta ved anlegget kan påverke.

---

<sup>15</sup> Jf. *lov om vern mot forurensningar og om avfall* av 13.03.1981 nr. 6 (ureiningslova), § 27 om definisjon av avfall vs. biprodukt og når avfall opphører å vere avfall. *Forskrift om transport og behandling av animalsk avfall, og anlegg som behandlar animalsk avfall, forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav*, og anna relevant regelverk.

Matfiskanlegg har indirekte rapportering av utslepp av organisk materiale til vatn gjennom produksjonsrapporteringa via Altinn. Verksemda skal og kunne dokumentere sine utslepp av andre komponentar, som til dømes prioriterte miljøgifter, sjå vedlegg 1.

## 12.2. Journalføring

Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

Tema	Data
Produksjon	Fiskemengd i MTB og total årsproduksjon
Fôr	Fôrtypar og fôrforbruk
Avfall	Typar, mengder og disponeringsmåtar
Kjemikal (inkludert legemiddel, desinfeksjon, notimpregnering, «verkstadkjemikaliar» m.m.)	Typar og forbruk
Rømt fisk	Tal rømmingstilfelle og mengder rømt fisk
Miljøtilstand	Oversikt over gjennomførte miljøgranskningar, og resultat av desse

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 5 år og vere tilgjengeleg ved kontroll.

## 12.3. Informasjon

Verksemda skal på førespurnad frå naboar eller ålmenta gje ut all relevant miljøinformasjon om eiga drift, slik som opplysningar om utslepp og avfallshandtering ved verksemda og resultat av miljøovervaking. Ved gjentekne klager/førespurnader skal verksemda ha dokumentert kontakt med nabolag/ berørte personar med sikte på redusert konfliktnivå. Nokre avgrensingar i informasjonsplikta er omtalt i miljøinformasjonslova<sup>16</sup>.

Kopi av løyvedokumenta skal vere fysisk lett tilgjengeleg for alle tilsette ved verksemda og for alle som har næringsmessig kontakt med verksemda. Løyvedokumenta skal utleverast til ein kvar på førespurnad.

## 13. Miljøtilstand og -overvaking

### 13.1. Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta<sup>17</sup> og tilhøyrande klassifiseringsretteljar<sup>18</sup> for miljøtilstand.

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere under anlegget eller i nærsone til anlegget. Utslepp skal heller ikkje gje nemnande reduksjon i naturmangfaldet på eller ved lokaliteten.

<sup>16</sup> Lov om rett til miljøinformasjon og deltaking i offentlige beslutningsprosesser av betydning for miljøet (miljøinformasjonslova).

<sup>17</sup> Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

<sup>18</sup> Direktoratgruppen for Vanndirektivet, 2013: Veileder 02:2013 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eller seinare utgåve

I sedimenteringsområde for utslepp frå anlegget skal miljøtilstanden over tid ikkje vere dårlegare enn klasse II "god" (jf. gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand<sup>19</sup>) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment, og den skal ikkje ha ei negativ utvikling.

Overflatevatnet i influensområde kring anlegget skal om sommaren ikkje ha miljøtilstand som er dårlegare enn naturtilstandsklassa.

Strandsona i nærområdet til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna ureining frå anlegget.

### **13.2. Krav til overvaking**

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø etter eit risikobasert overvakingssystem. Miljøovervakinga skal gjennomførast jamleg for å dokumentere at krava til miljøtilstand i pkt. 13.1 er oppfylt.

Miljøovervakinga skal femne om anlegget sine nærområde, overflatevatnet i influensområde, og djupvatn, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde. Rapport frå miljøgranskingar skal i grafisk og/eller tabellarisk form vise utvikling sidan siste gransking.

Miljøgranskingar skal minst tilfredsstillende krava i Norsk Standard NS 9410 (*Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg*) og må elles i størst mogleg grad tilpassast vassforskrifta og gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn<sup>19</sup>.

Ved bruk av koparimpregnerte nøter, og spesielt dersom desse vert reingjort med høgtrykksspyling på lokaliteten, skal overvaking av koparnivå i sedimentet vurderast som del av det risikobaserte overvakingssystemet. Ved indikasjon eller fare for koparnivå i sedimentet i anleggsområdet over grenseverdiar for akseptabel miljøtilstand, skal det målast kopar i sedimentet på lokaliteten, med minimum 5 prøvar langs merdkanten rundt anlegget.

Det skal gjennomførast C-undersøking etter NS 9410 ved slutten av første produksjonssyklus med utvida produksjon. Minimumsfrekvensen for vidare C-undersøkingar går fram av NS 9410, og følgjer av tilstanden i resipienten.

Miljøovervakinga i resipienten må etablere faste overvakingstasjonar som kan følgjast over tid. Prøvepunkt m.m. for C-undersøking må fastsetjast på førehand, jf. nye krav i NS 9410 frå 2016. Det må takast omsyn til straumtilhøve og forventet spreiding og nedfall av partiklar ved val av desse. Talet på prøvepunkt aukar med aukande produksjon/belastning på resipienten, og minimumstalet kjem fram av NS 9410.

- Alle delar av C-undersøkingar skal gjennomførast av kvalifisert og uavhengig organ, som er akkreditert for oppgåva.

Det skal jamleg gjennomførast ei enkel strandsonesynfaring, som gjer greie for synlege påverknader i nærområdet til anlegget. Verksemda kan sjølv utføre strandsonesynfaringane.

---

<sup>19</sup> Direktoratgruppen for Vanndirektivet, 2013: Veileder 02:2013 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eller seinare utgåve

- Strandsonesyntfaringar må gjennomførast i sommarhalvåret.
- Strandsonesyntfaringane skal dokumenterast med ein kort skriftleg omtale og biletdokumentasjon, og skal omtale eventuell feittureining, grønne algar, lausøyre (forsøpling) og liknande tilhøve.

Statsforvaltaren kan stille krav om nærare gransking av støy, vassureining, luftutslepp eller andre granskningar som Statsforvaltaren finn nødvendig for å kartleggje ureiningseffekt av dykkar aktivitet i resipienten (jf. ureiningslova § 51). Verksemda skal betale for slike granskningar.

### **13.3. Rapportering til Statsforvaltaren**

Alle resultat av overvaking av miljøtilstanden i resipienten skal rapporterast fortløpande på elektronisk format. Miljørapportar som vert sendt inn elektronisk via Altinn til Fiskeridirektoratet, vil også vere tilgjengelege for Statsforvaltaren. Rapportar kan også sendast på e-post til vårt postmottak [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

Overvakingsdata som er relevante for dei nasjonale vassmiljødatabasane, må anten rapporterast direkte inn til databasen Vannmiljø av den som har utført overvakinga, eller leverast til Statsforvaltaren på eit format som gjer dei eigna til innlegging. Meir detaljert informasjon om format for dataimport m.m. er å finne på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no/>.

## **14. Større endringar**

### **14.1. Endringar og utskifting av utstyr**

Dersom det skal gjerast endringar i drifta som medfører utskifting av utstyr, teknologi eller installasjonar som gjer det teknisk mogleg å motverke ureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Statsforvaltaren på førehand ha melding om dette.

Ved slike endringar skal beste tilgjengelege teknikkar nyttast med sikte på å motverke ureining.

### **14.2. Eigarskifte**

Dersom verksemda vert overdratt til ny eigar, skal melding sendast til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast innan ein månad etter eigarskiftet. Dette gjeld også ved namneendring for verksemda.

### **14.3. Nedlegging eller lengre driftsstans**

Dersom anlegget vert nedlagt eller ikkje skal ha produksjon på meir enn 12 månader, skal den ansvarlege\* melde frå til Statsforvaltaren. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter driftsstans, skal det opplysast særskild i meldinga til Statsforvaltaren.

\*Den ansvarlege er den eller dei verksemdene som har hatt aktivitet ved anlegget, eigar av anlegget eller brukar av anlegget. Statsforvaltaren vil ved behov rette krav mot den vi vurderer som primært ansvarleg. Ved eventuelt fleire ansvarlege, må desse avtale ansvarsforhold etter privatrettslege avtalar.



Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og å rydde opp i avfall. Statsforvaltaren kan pålegge den ansvarlege å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege sørge for at kjemikal, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>20</sup>. Dei tiltaka som vert gjennomførte i slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging skal den ansvarlege syte for at anleggsområdet og eventuell landbase vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom verksemda ønskjer å starte opp att etter nedlegging/ lengre driftsstans, skal det meldast frå til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

## 15. Tilsyn

Verksemda pliktar til ei kvar tid å la representantar for Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget og eventuell landbase.

---

<sup>20</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) av 01.06.2004 nr. 930, kapittel 11 om farleg avfall

## VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

### Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

### Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

### Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkaner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkaner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

### Einskilde tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

### Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

**Alkylfenoler og alkylfenoletoksylder**

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

**Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)**

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

**Tinnorganiske sambindingar**

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

**Polysykliske aromatiske hydrokarboner**

PAH

**Ftalater**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

**Bisfenol A**

BPA

**Siloksaner**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

**Benzotriazolbaserte UV-filtre**

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

## VEDLEGG 2 - Definisjonar

- Med **miljøressursar** som omtalt i vilkår 2.5 og 12.1 meiner vi naturvernområde, naturtypar eller friluftsområde (registrerte i Naturbasen eller andre offentlege verktoy) eller plante- og dyreartar (registrerte i Artskart) med sine leveområde.  
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>  
<http://artskart.artsdatabanken.no/default.aspx>
- Med **skadedyr** i vilkår 2.6 meiner vi både artar som kan vere naturleg utbreidd eller som kan ha kome til som følge av aktiviteten ved verksemda annan aktivitet i tilknytning til verksemda. Dersom tal individ med eit skadepotensial aukar eller det er fare for at tal individ aukar, må tiltak vurderast / eventuelt setjast i verk.
- Med **framande artar** i vilkår 2.6 legg vi til grunn IUCN sin definisjon: "Framande artar er artar, underartar eller lågare taxa som har fått menneske til å hjelpe seg med å spreie seg utanfor sitt naturlege utbreiingsområde og spreingspotensial."  
Dei omtalte risikokategoriene er svært høg (SE), høg (HI) og potensielt høg (PH). Kva for artar dette gjeld vil liggje føre oppdatert på Artsdatabanken si nettside [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).
- Med **kjemikal** i vilkår 7 meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt i verksemda. Døme på slike kjemikal er vaskemiddel, groehindrande middel, legemiddel, hydraulikkvæsker, drivstoff, brannhindrande middel, m.m.
- **Støy**, jf. vilkår 8:
  - Med **immisjon av støy** meiner vi eit mål på støybelastning (innfallande lydtrykknivå) på eit punkt ut frå direkte måling og utrekning etter emmisjonsdata (måling ved støykjelda).
  - **L<sub>pAekvT</sub>** er A-vegd ekvivalent støynivå som gir eit mål på det gjennomsnittlege energimidla nivået for varierende støy over ein bestemt tidsperiode T, til dømes 4 timar, 8 timar eller 12 timar.
  - **L<sub>AFmax</sub>** er A-vegd maksimalnivå for dei 5 – 10 mest støyande hendingane innafør perioden, målt/utrekna med tidskonstant "fast" på 125 ms.
  - **L<sub>den</sub>** er A-vegd ekvivalent støynivå per driftsdøgn for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB/ 5 dB skjerping på natt/kveld. Tida i dei ulike periodane er dag: kl. 07-19, kveld: kl. 19-23 og natt: kl. 23-07. L<sub>den</sub> er nærare omtalt i T-1442 og definert i rammedirektivet for støy (2002/49).  
<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/Februar-2014/Veileder-til-retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging-T-14422012/>  
<http://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX:32002L0049>
  - Med **impulslyd** meiner vi kortvarige, støyttise lydtrykk som varer under 1 sekund og der impulslyden er av typen «highly impulsive sound» som definert i kapittel 6 i støyretteleiaren T-1442. Dersom impulslyd førekjem meir enn 10 gonger per time vert grenseverdiane 5 dBA lågare enn dei grenseverdiane som er oppførte i tabellen i vilkår 8.